

# Region vest



Ingunn og barnebarnet Emma bevegar seg til ein sang frå Sentral-Asia under Smak&Sjå.

FOTO: JOSTEIN HEGGESTAD

## LIVET PÅ LYGMO

For mange er Lyngmo ungdomssenter «min andre heim». Det er ikkje berre i helgene det er aktivitet der, men også på mange vekedagar. I tillegg til å vera ein leirplass, og campingplass om sommaren, er det også ein samlingsplass for bygdene rundt Hafslø.

LES MEIR PÅ SIDE 43



### VELKOMMEN TIL FØRJULSKVELD I SÆTERVIKA

**Dato:** Laurdag 10. desember  
**Tid:** kl. 17.00

**Meny:** Pinnekjøtt, dessert, kaffi, kaker

**Minikonsert:** Knut Inge Røen syng Jim Reeves og andre songar

**Pris:** Vaksne 500,-, 11-15 år 150,-, 5-10 år 100,-

**Påmelding:** Innan 2. desember til setervika@nlm.no eller telefon 922 13 145



### MISJONSSAMBANDET VEST

**Adresse:**  
Sigurds gate 6,  
5015 Bergen

**Telefon:** 55 90 48 00  
**E-post:** vest@nlm.no  
**Gavekonto:** 8220. 02. 90131

**Ansvarlig redaktør:**  
Per Byrknes

## INNSPILL



**PER BYRKNES**  
regionleder

## Fra strategi til handling

Misjonssambandet sin nye strategi for perioden 2022-2032 heter «Dere skal være mine vitner». Den ble vedtatt på sommerens generalforsamling, men et vedtak er bare begynnelsen.

«Visjon uten handling er en dagdrøm, handling uten visjon er et mareritt.» sies det i et japansk ordtak. Et strategidokument har liten nytte av å stå inneklemt i en perm eller bare være tilgjengelig på nettsiden vår, - hvis den ikke blir brukt. Den må jobbes med kontinuerlig for at den skal ha noen verdi.

**Verden for Kristus.** Misjonssambandet har som hovedmål å nå nye mennesker med evangeliet, og å gjøre dem til disipler – både nasjonalt og globalt. I tråd med misjonsoppdraget og forventet samfunnsutvikling har generalforsamlingen bestemt at vi vil strekke oss mot dette målet gjennom følgende satsningsområder den neste tiårsperioden:

- Vi vil forkynne evangeliet i Norge og internasjonalt, slik at alle får mulighet til å høre det og ta imot Jesus som frelser og herre.
- Vi vil at alle barn og unge skal ha mulighet til å høre om og ta imot Jesus.
- Vi vil bygge sterke, inkluderende og varme fellesskap.
- Vi vil vise diakonal omsorg og gjestfrihet.
- Vi vil utruste mennesker til å følge Jesus og lære dem å holde alt han har befalt.
- Vi vil stadig søke nye muligheter for å forkynne evangeliet.
- Vi vil vise omsorg for hele mennesket og skaperverket.

**Se muligheter.** Strategien sier også litt mer konkret om hvordan vi ønsker å nå disse målene. Nå blir det derfor viktig å få alle i Misjonssambandet til å være med på neste etappe. Nå må vi hjelpe hverandre til å se muligheter der vi bor og i den sammenheng hvor vi er med.

Denne høsten har region vest lagt til rette for flere møtepunkt i ulike deler av regionen, der nettopp det å hjelpe hverandre til å se muligheter er tema. På den ene siden handler det om å se muligheter lokalt. Hva er det mulig å få til med de ressursene som finnes der du bor? På den andre siden handler det også om å gi innspill til regionens ledelse på hvilke behov dere ønsker at vi er med og løser.

*«Nå blir det derfor viktig å få alle i Misjonssambandet til å være med på neste etappe.»*

**Deg og meg.** Skal vi lykkes med å gå fra strategi til handling, så handler dette til syvende og sist om enkeltmennesker. Det handler om deg og meg. Selv om Misjonssambandet er et fellesskap som består av ansatte og frivillige, små og store bibelgrupper, større misjonsfellesskap og alt imellom der, så ender det opp hos deg og meg.

Vi er takknemlige om du vil ta med deg denne prosessen – fra strategi til handling – i dine bønner. Be om visdom til å prioritere det viktigste, blant alt som synes å være så viktig.



Representanter fra Tremorkirken mottar pris for sitt diakonale arbeid med «Velsigna Jul»

FOTO: PER BYRKNES

## REGINE WAAGES PRIS FOR DIAKONI OG FRIVILLIGHET

Den nyopprettede diakoniprisen fra Haraldsplass Diakonale Stiftelse ble delt ut under Diakonikonferansen i Salem konferansesenter 2. septembeer 2022. Juryen var enstemmig i sin beslutning om å gi prosjektet «Velsigna jul» den første diakoniprisen.

«Velsigna jul» er et samarbeid mellom Tremorkirken og barnevernstjenesten i Øygarden kommune. Dette samarbeidet har pågått over flere år, og er dermed blitt en god og viktig tradisjon i Tremorkirken.

Prosjektet gjør et formidabelt arbeid for å hjelpe vanskeligstilte familier i julen.

Når julehøytiden nærmer seg, får prosjektet en oversikt over de familiene som trenger en ekstra håndrekning. Familiene er anonyme for prosjektet, men de som mottar julegavene får vite hvem som står bak som givere.

Prosjektet «Velsigna jul» ble startet helt tilbake til 2011, og har gitt mat og gaver til utallige familier som trenger ekstra støtte.

Jørn-Henning Theis som er administrerende direktør i Haraldsplass Diakonale Stiftelse overrakte den første Regine Waages pris for diakoni og frivillighet. I sin hilsen til prisvinnerne sa han at mange vil kanskje trenge denne ekstra diakonale innsatsen akkurat i år, da høsten er utfordrende grunnet bla høy prisstigning og store strømutgifter.

ASTRID AARHUS BYRKNES



Det er mykje moro under Julemiddag for ungdom! Knut Jonas har pynta seg og bidreg til alle har ein kjempefin kveld saman!

FOTO: LYNGMO

## KVA SKJER PÅ LYNGMO – EIGENTLEG?

Lyngmo ungdomssenter ligg midt i Hafsløbygda, rett ved vatnet og samtidig midt blant folket. Så det er sjeldan stille der.

TEKST VIVIAN ROSVOLD, BARNE- OG UNGDOMSARBEIDAR

Det skjer alltid noko på Lyngmo. Her er det enten barne- og ungdomsleirar, Knøttekor og Torsdagsklubb, Spring for Lyngmo, UngKurs, Småbarnstreff, barnelagsbesøk, campingturistar, Smak&Sjå, basar, misjonssamlingar, kvinnehelg eller dugnadsfolk i arbeid. Det er fantastisk at det er så mykje aktivitet, og på Kvinnestemnet i haust var det fleire som omtalte Lyngmo som «min andre heim».

**HAR LYST TIL Å TRU PÅ GUD.** Me gler oss over alle som er innoom Lyngmo i løpet av året, og no i haust var begge haustleirane fulle med 60 deltakarar på kvar leir! På leiren for 2.-4. klasse var det eit rom med tre gitar som var på leir for første gong. På kveldsrunden spurde romleiaren korleis dei hadde opplevd fredagen? «Eg trur eigentleg ikkje på Gud, og me snakkar ikkje om han heime. Men no, etter alt eg har sett og høyrte om Gud her i kveld, så har eg lyst å tru på Han», svarta ein av gutane. «Eg og!» svarta den andre guten.

Det er fantastisk at me kan få vere med på å gje folk eit innblikk i kven Gud er, og gjere



Jonas, Daniel og Toralf i aksjon på sommarleiren! - FOTO: EMELY NIKOLA AMDAL

dei nysgjerrige på å finne ut meir! På denne leiren var over halvparten på leir for første gong, og det at dei kjenner seg trygge og at det er godt å vere her, det er og eit bønnesvar. Kanskje dei kom eit steg nærmare trua på Gud? Me ber om det.

**DIREKTE INNE FRÅ AFRIKA.** På leiren for 4.-7. klasse var ein misjonær frå Øst-Afrika med på

direkten, via Zoom. Deltakarane fekk ei omvisning rundt på området misjonærane bur på, og fekk også stilla spørsmål som misjonæren svarte på. For barna var det utruleg kult at dei fekk møte ein misjonær, som også ville snakka med dei! Kanskje dei kom eit steg nærmare å finne sitt eige kall? Me ber om det.

**KVAR VEKE.** Også i vekedagane er det stor aktivitet på Lyngmo. Kvar eller annakvar veke er det aktivitetar som Småbarnstreff, Knøttekor og Torsdagsklubb. Det er ikkje alltid det er så mange, men me ønskjer at Lyngmo skal vere ein god plass å vere, uansett alder. Lyngmo er sjølvsagt ein plass for dei som allereie trur, men ønskjer også å vere ein open plass for alle som bur i området. Guds kjærleik og omsorg er tilgjengeleg for alle. Kanskje dei kjem eit steg nærmare å bli kjent med Gud? Me ber om det.

### JULEVERKSTAD OG JULEMIDDAG.

No nærmar det seg jul, og her på Lyngmo er det ikkje stille heilt enda. Det er julesamlingar for alle aldrar. Først ute er juleverkstad for barn, før det blir julemiddag for alle og til sist julemiddag for ungdom! Ver gjerne med og be om Guds signing over arbeidet her, og at kvar enkelt som kjem innoom leirstaden, kan få kjenne Han!

## NY STRATEGI – FOR OSS?

Den nye strategien (sjå Innspill s. 42) gjeld både for heile regionen – og for det enkelte lag og fellesskap i regionen.

### Dei sju punkta i kortform

1. Evangeliet til unåde
2. Evangeliet til neste generasjon
3. Ten kvarandre
4. Elsk din neste
5. Gjer disiplar
6. Nyskapande formidling
7. Ansvarleg forvaltning

Det kan kanskje verka litt voldsomt for til dømes ei smågruppe å setja seg ned og jobba med strategi for arbeidet sitt. Men sjå det som ein mulighet til å gjennomgå arbeidet – handlar me som me gjer berre fordi me alltid har gjort det slik, eller har me eit mål og ei meining bak det me gjer?

Mange av dei sju punkta er de alt gode på. Kanskje er det eitt eller fleire punkt de enkelt kan verta betre på. Det kan vera nyttig for alle å evaluera arbeidet ut frå desse punkta. Bruk til dømes ein skala frå 1–10, kvar på skalaen er mi/di gruppe på dei ulike punkta, og kvifor plasserer me oss nettopp der?

Tenk/snakk så gjennom om det er punkt de kan verta litt betre på, på kort sikt og på lang sikt. Kva kan/ønskjer de gjera? innan når? og kven er ansvarleg for tiltaket?

Dermed har de laga ein handlingsplan! Lukka til med gjennomføringa!

GRO BJØRNDAL



Skann QR-kode for å lesa heile strategien.



Bildetekst: God stemning på Inspirasjonssamling på Kleppe bedehus.

FOTOGRAF: KIRSTEN GRØTEIG

# ASKØY SATSAR PÅ SMÅGRUPPER

Misjonsforeining er eit kjent omgrep i Misjonssambandet, også på Askøy. Fleire av medlemmane i Askøy Misjonsforsamling er med i ulike misjonsforeiningar. Likevel har dei sett det nødvendig å jobba med smågrupper i forsamlinga.

TEKST GRO BJØRNDAL

Det begynte med at forsamlinga hadde ei gruppe som var med på Vekst i regionen, fortel smågruppekoordinator Ingebrigt Norbakken. Han var ein av dei som var med i Vekst-gruppa, som saman med styret i forsamlinga kom fram til tre satsingsområde dei ville jobba med framover. Eitt av desse var smågrupper. Koronaen forseinka dette arbeidet noko, men no er dei godt i gang.

Ein viktig del av arbeidet har vore å kartlegga kva dei alt har av grupper i forsamlinga. I tillegg har dei gjennomført ei undersøking med påmelding til nye grupper. Dei ligg an til å starta 4-5 nye grupper i løpet av hausten. Desse vil ha ei felles ramme for arbeidet sitt, som

- å søkja Gud saman i bønn og tilbeding
- at dei brukar bibelen inn i kvardagslivet
- at dei søker å ha opne, ærleg samtalar
- at dei er opne for å invitera nye inn i gruppa


Av dei eksisterande gruppene, der nokre har

eksistert lenge, ønskjer også sju av dei å gå inn på det same opplegget som dei nye gruppene.

**INSPIRASJONSSAMLING.** For å tenna gnisten for smågrupper, har dei hatt besøk av Fredrik Ree frå Tremorkirken som talte ein søndag om viktigheten av smågrupper. I tillegg inviterte dei alle som ville til inspirasjonssamling ein laurdag ettermiddag. Der møtte nærare 30 personar til graut først, før Jarleif Gaustad, leiar for fellesskapsarbeidet i Norge, underviste om smågrupper og svara på spørsmål.

**ØNSKJER VEKST.** Gjennom gruppene ønskjer forsamlinga å oppnå vekst, både i talet på medlemmer, men også at den enkelte i gruppa opplever åndeleg vekst. I tillegg vil gruppene vera med og bygga fellesskap på tvers av alder. Mange har nemleg kryssa av for at dei ønskjer å vera med i ei gruppe med personar i ulike aldrar.

Forsamlinga har også ulike tenestegrupper, der mange er med. Om ein ønskjer det, kan ein kombinera tenestegruppe og smågruppe, ved at t.d. ei forsongargruppe på øvinga si set av tid til ein smågruppedel. Slik kan dei vera med både i tenestegruppe og smågruppe, utan å få fleire møtedagar. For dei som har mykje, kan det vera ei god løysing, avsluttar Ingebrigt Norbakken.



Sygna vidaregåande skule  
(FOTOGRAF: ARKIV)

## UT PÅ TUR OG INN PÅ TUNET

Etter to år med koronarestriksjonar er Sygna dette året ute og besøker skular og misjonsforsamlingar igjen. Dette er viktig både for å halde kontakten med misjonsfolket – skulen sin viktige baktropp – og for å gjere skulen kjend for nye moglege elevar. I november reiser til saman fem bilar med elevar og personale til Sunnmøre, Nordhordland, Bergen, Ryfylke og Jæren. Trøndelag må vente til januar før dei får besøk. Desse Sygnahelgane er ikkje berre viktige for marknadsføringa, dei er og veldig kjekke å vere med på for både elevar og personale. Erfaringa er at folk tek veldig godt imot sogningar på tur – og ein kjem oppløfta tilbake.

I oktober var det Sygna som inviterte framtidige Sygna-elevar til skulen. 23.–25. oktober var 43 tiandeklassingar på hospitering på skulen. Elevar frå Sunnmøre, Hordaland,

Oslo, Jæren, ytre- og indre Sogn og lokale elevar frå Balestrand fekk oppleve to døgn med Sygna-kvardag. Og tilbakemeldingane var gode. Kanskje kjem dei tilbake som Sygna-elevar til hausten?

Dei aller beste ambassadørane for Sygna er elevane. Difor reiser mange av dei tilbake til eigne ungdomsskular og informerer om det gode tilbudet på internatskulen i Sogn. Mange vert overraska når dei får vite at midt inne i Sognefjorden ligg det ein kristen, vidaregåande internatskule der ein kan gå Studiespesialisering, Idrettsfag, Kunst, design og arkitektur, Helse- og oppvekstfag eller Påbygg.

Viss du som les dette har gode idear til stader Sygna bør komme på besøk – eller kanskje kjenner du nokon som har lyst til å besøke skulen? Då er det berre å ta kontakt.

**FRODE BØTHUN**



Fra en av Kongshaugs mange konserter.  
FOTOGRAF: MARIUS H. SCHWARZ

## TID FOR BØNN!

Klokka nærmer seg 07.00 og jeg er i full gang med å stelle i stand frokost, som begynner 07.30, til elevene her på Kongshaug. Inn dørene kommer en jevn strøm av elever som skal på bønnesamling før frokost. De samles nesten hver morgen og leser et kapittel fra Bibelen, før de samles i bønn for medelever, personalet, misjonsprosjekt og andre bønneemner som dukker opp.

Akkurat nå er bønn for skolen høyt på lista.

I forslag til statsbudsjett er tilskuddet til Kongshaug tatt ut – igjen. Et likebehandlingstilskudd vi har hatt siden år 2000, da vi fikk forståelse for at Kongshaug trenger disse midlene for å drive lovpålagt undervisning, på like vilkår som den offentlige skolen driver.

Kjære venn av Kongshaug! Det er tid for bønn – og handling! Ta Kongshaug med i dine bønner og be om et mirakel. Å miste 18% av skolebudsjettet er dramatisk. Skulle det verste skje – at vi mister tilskuddet – vil vi gjøre ALT vi kan for å drive videre. Og i påvente av en ny regjering, tro at vi har en Gud, vår Far, og et misjonsfolk som er med oss i bønn og handling.

Så skjer det alltid mye fint her på haugen. Vi har i skrivende stund lagt bak oss høstkonserter, foreldrehelg og jubilantstevne. Arrangement som er med og løfter blikket og «ånden» i oss. Som tenner håp og tro, og minner oss om meningen med skolen; At vi skal få et møte med Jesus Kristus som forvandler livene våre! Fra død til liv – fra mørke til lys – fra likegyldighet til tro!

**ANKER GUNNAR TURBY**  
UNGDOMSLEDER/KOKK

# NOE SPIRER FRAM I BAFING

Lenge har motløsheten vært nær, men nå ønsker noen i landsbyen å bli kristne.

TEKST JOFRID BRENNÆTER

En humpete mil unna Ouaninou ligger en liten landsby som lenge har vært på Misjonssambandets bønne- og besøkslister. Motgangen har vært stor. Flere har uttrykt motløshet: Animismen, og til en viss grad islam, som råder her er så sterk at folk aldri vil bryte fri. Men i det siste har vi sett forandringer. Litt og litt har folk blitt positive, så nysgjerrige, og nylig sa en liten gruppe på 6–7 personer at de ville bli kristne.

De nye kristne er så glade for det de har funnet. Samtidig møter de utfordringer. Det religiøse livet i landsbyen er tett sammenvevd med alle deler av hverdagen, så de oppdager stadig ting de må forandre. Familiene forventer at de tar sin del av ansvaret i tilbedelsen av landsbyens ånder, og kan legge mye press på dem. Og folk observerer dem nøye – fungerer denne nye troen? Er denne Jesus virkelig så sterk som de kristne påstår?

Vær med i bønn! Be om at Misjonssambandet og den lokale kirken kan fortsette å være med på det Gud gjør i denne landsbyen. Be om



Kvinner som hører på kristen undervisning  
FOTO: JOFRID BRENNÆTER

at vi får nåde til å følge opp de nye kristne på en god måte, så de holder ut motstand og fristelser – flere mahouer har blitt kristne, men har senere brutt med kirken og troen. Be om at våre nye søstre og brødre får forstå mer av hvem Gud er og hva som er Hans vilje. Og be om at de får erfare helt konkret at Guds kraft

holder – både for livet her og nå, og for evigheten.

*Misjonssambandet driver arbeid med bibeloversettelse, media og samfunnsutvikling i tillegg til evangelisering i Elfenbenskysten. Les mer om arbeidet vårt på [nlm.no/vest-afrika](http://nlm.no/vest-afrika).*

## INSPIRASJONSHELG MED REGIONÅRSMØTE

Det skjer mykje flott om våren. Ein fin ting som skjer, er at me kan samlast frå heile regionen til storsamling. Set gjerne av helga 21.–23. april allereie no!

Denne gongen vert samlinga på Framnes vidaregåande skule (laurdag). Fredag kveld vert det samling i Sætervika, der det også vert overnatting for dei som ønskjer det. Er du kvelds- eller morgonbadar, ligg fjorden rett utanfor døra og ventar på deg.

Ein del av tida vert det årsmøte for regionen. Nokre faste saker, som val av nye styre, høyrer med der. Men vel så viktig er det å få ein god samtale om arbeidet og vegen framover. Her treng me alle stemmer og

innspel, ikkje minst di stemme. Alle lag, foreiningar, grupper og forsamlingar kan senda sine utsendingar, jo større lag, jo fleire utsendingar. Nytt sjansen til å dela dine visjonar, og få med deg inspirasjon tilbake.

Nytt av året er at det ikkje vert fellessamling søndag. I staden vert det samlingar rundt omkring i dei ulike forsamlingane. For førskulebarn og førsteklassingar vert det dagsleir i Sætervika søndagen.

Parallelt med samlingar for vaksne, vert det også eigne samlingar for barn og ungdom. Følg med på nettsida og neste regionUtsyn for meir informasjon.



Framnes vgs i Nordheimsund  
FOTO: FRAMNES VGS

## BIBELHELG PÅ INNVIK

Siste helga i september var det bibelhelg på Innvik Fjordhotell. Her var alle generasjoner samla om Bibelen og varmt fellesskap. Temaet for helga var Jona og det var eige opplegg for barna og ungdommane om same tema. Nydelige samlinger for alle, mykje sang og musikk, utsendinger sin kvardag i direktesending og mange delte tru med kvarandre. Barna vart ufordra til å lese Bibelen 28 dager på rad i etterkant, no kjem meldingane om utført oppdrag og premie venter i posten! Inspirerende dager ilag med flotte mennesker som var opptatt av å få påfyll for trua og engasjement for misjon.

MARGARETH ENGÅS



Små og store samlet til bibelhelg på Innvik.  
FOTO: MARGARETH ENGÅS



## GAMINGKVELDER KLEPPE BEDEHUS

I høst arrangeres to gamingkvelder på Kleppe bedehus (rett over Askøybroen). Det gleder vi oss veldig til å arrangere. Det blir servering/kiosk, en kort andakt, turneringer på storskjerm, gaming fra egne PCer og gode ledere som er interesserte i å være med ungdommene.

Vi hadde en kjekk kveld 23. september, og nå ser vi frem til neste gamingkveld, **25. november**.

Gamingkveldene er for 7.klasse og oppover, og vi håper ungdommer fra hele Bergensområdet vil komme!

CATHRINE KVAMME LEITE

## UNG:DISIPPEL

16.–18.september hadde vi en veldig fin Ung:Disippel helg på Skilbrei. For første gang hadde vi både Ung:Etterfølger og Ung:Leder samlet. De fleste som var med på Ung:Etterfølger i fjor er med videre til år to, Ung:Leder, og det er en ny gruppe som har startet på Ung:Etterfølger. Det var en helg med kjekke aktiviteter, god mat, spennende undervisning og mange gode samtaler. På søndagen var det en gjeng som løp og tok seg et morgenbad før frokost. Et av helgens høydepunkter var delemøte lørdag kveld hvor vi fikk dele vitnesbyrd, sanger og bibelvers med hverandre. Vi gleder oss til resten av Ung:Disippel-året.

CATHRINE KVAMME LEITE



## ARRANGEMENTSKALENDER 2023

Dato	Arrangement	Alder
<b>LYNGMO</b> <a href="http://lyngmo.info.no">lyngmo.info.no</a>		
17. – 20.02	Crossroad	8. klasse +
23. – 26.02	4. – 7. klasseleir	4. – 7. klasse
17. – 19.03	2. – 4. klasseleir	2. – 4. klasse
<b>SÆTERVIKA</b> <a href="http://setervika.no">setervika.no</a>		
10.12	Julemiddag	Alle
17. – 19.02	Tweensleir	5. – 7. klasse
24. – 26.02	Maksleir	2. – 4. klasse
24. – 26.03	Tenleir	Tenåringer
23.04	Leirdag	Forskole – 1. klasse
<b>SKILBREI</b>		
27. – 29.01	5. – 7. klasseleir	5. – 7. klasse
10. – 12.02	2. – 4. klasseleir	2. – 4. klasse
15.04.2022	Leirdag	Forskule – 1. klasse
<b>TABU</b>		
17. – 20.02	Crossroad på Lyngmo	Tenåringer
<b>ANDRE ARRANGEMENT</b>		
20.01 – 22.01	Ung:Disippel	Tenåringer
21. – 22.04	Ingspirasjonshelg med regionårsmøte Sætervika/Framnes	Alle

KLIPP UT  
OG HENG PÅ  
OPPSLAGSTAVLEN